



Breheimen  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Breheimen nasjonalparkstyre

**Møtested:** Teams

**Dato:** 25.02.2025

**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/25	Vigdalen landskapsvernområde - Restaurering av stølshus på Vigdalstølen - Willy Vigdal		2024/1326
ST 3/25	Breheimen nasjonalparkstyre - prioritering av tildelte midlar for 2025		2024/12763
ST 4/25	Referatsaker		
RS	Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Breheimen nasjonalparkstyre		2024/13637
RS	Oppnevning av nytt medlem - Breheimen nasjonalparkstyre - valg og konstituering - 2024 - 2027		2024/1427
ST 5/25	Delegerte vedtak		
DS 1/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - Mysubytta LVO - Honnsrøve NR - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - barmark - uttransport av felt elg og hjort - Skjåk Almenning		2024/6158
DS 2/25	Delegert vedtak - Mysubytta LVO - dispensasjon - 2024 - motorferdsel og plassering av jervbås - Simon Eiesar		2024/9052
DS 3/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Mørkridsdalen LVO - helikopter - sikre tak - Råsane - Per Arvid Hauge		2024/9218
DS 4/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - uttransport i forbindelse med jakt - Øyvind Angard		2024/9331
DS 5/25	Delegert vedtak - Strynefjellet LVO - 2025-2028 - dispensasjon - motorferdsel på snødekt mark - Hans Sæther		2024/12960
DS 6/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - Mysubytta LVO - Transport av varer, ved, gass og materialer - Randi Lilleødegård		2025/1646
DS 7/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024 - Dispensasjon - Transport av ved med helikopter - Jo Kolbjørn Sulheim		2024/9444
DS 8/25	Delegert vedtak - avslag og tillatelse - Honnsrøve NR - snødekt mark - uttak av ved - transport til hytte - Nysæter - Sylfest Forberg	X	2024/13338
DS 9/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Mysubytta LVO - plassering av brakke til åtejakt på jerv - transport og montering av solcellepanel - Simon Eiesar		2024/14048
DS 10/25	Delegert vedtak - Breheimen NP m. fl. - Dispensasjon - Motorferdsel - 2025-2028 -		2024/14204

	Registrering av villrein med snøskuter, helikopter, drone og/eller småfly - Minimumstelling av villrein - Reinheimen-Breheimen villreinutval	
DS 11/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - snødekt mark - transport av båt fra Lundadalsvatnet til Sota Sæter - Vidar Vange	2025/16
DS 12/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2025-2028 - Motorisert transport av varer og utstyr til fiskebu - Per Olav Haugen	2025/1712
DS 13/25	Breheimen nasjonalpark - Vigdalen landskapsvernområde - Løyve til motorferdsel i forbindelse med snømåling og inspeksjon av bekkeinntak i perioden 2025-2027- Statkraft	2025/1951
DS 14/25	Delegert sak - Dispensasjon - Breheimen nasjonalpark - Snødekt mark og helikopter - Snømåling - Høgevardane - 2025-2028 - Statkraft Energi AS	2025/2184
ST 6/25	Eventuelt	

**ST 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2024/1326-16

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 18.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	2/25	25.02.2025

## Vigdalen landskapsvernområde - Restaurering av stølshus på Vigdalstølen - Willy Vigdal

### Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Willy Vigdal løyve til å restaurere stølshuset på Vigdalsstølen i Vigdalen i Luster kommune. Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde, § 3 pkt 1.3 bokstav a og d.

All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø (jf. forvaltningsplan for verneområda i Breheimen kap. 3.5).

Dette inneber mellom anna:

- Vindauge med sprosser
  - Det skal ikkje skiftast ut meir skada material enn naudsynt
  - Tidlegare ubehandla kledning skal ikkje målast eller beisast
  - Det skal nyttast ufalsa kledning på bygget.
  - Det skal vera ståande kledning på skotdelen, og liggjande kledning på hovuddelen av stølshuset.
  - Vegghøgde og takvinkel skal vere det same som på teikningane, målt frå toppen av grunnmuren
  - Selet førast opp i same storleik som eksisterande sel
  - Berre dei skada delane av berande konstruksjon blir erstatta
  - Taket skal ha bylgjeblekk, gjerne av eldre alder
  - Arbeidet skal utførast i tråd med teikningar
- Sjøppel frå restaureringsarbeidet skal takast med ut av området, og ikkje gravast ned eller deponerast innanfor verneområda.
  - Løyvet er gyldig til og med 2028.
  - Breheimen nasjonalparkstyre vil ha ein kort rapport med bilete av tiltaket når bygget er ferdig oppført.
  - SNO-lokalt skal kontrollere at restaureringsarbeidet er gjennomført i tråd med vedtaket.

Vi gjer oppmerksom på at ved søknad om byggeløyve/melding om byggetiltak må kommunen også handsame søknaden etter plan- og bygningslova.

Breheimen nasjonalparkstyre er klar over at tiltaket vil medføre noko motorisert ferdsel med snøskuter i byggeperioden. Dette må tiltakshavar søke om i forkant av at restaureringsarbeidet startar.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad om løyve til ombygging av stølshus, 23.01.24
- Uttale frå Vestland fylkeskommune, seksjon for kultur og folkehelse, 21.03.24
- Revidert søknad om løyve til restaurering av stølshus, datert 28.10.24
- Uttale frå Vestland fylkeskommune, seksjon for kultur og folkehelse, 08.11.24

## Saksopplysningar

Willy Vigdal søkte Breheimen nasjonalparkstyre 5 januar i 2024 om å få løyve til å bygge om stølshuset sitt på Vigdalstølen. Saka vart oversendt til Vestland fylkeskommune sin avdeling for Kultur og folkehelse, og attendemeldinga var at delar av tiltaket ikkje var tilrådeleg. Vigdal endra søknaden med utgangspunkt i attendemeldinga, og kom med revidert søknad 28.10.24 og saka vart nok ein gong sendt over til fylkeskommunen for uttale. Vestland fylkeskommune er positive til at søknaden er endra, og har ikkje noko å tilføre slik som den føreligg.

Søknad sendt 28.10.24:

*«Har lest om formålet med Vigdalen Landskapsvernområde og har valgt å imøtekomme og samarbeide om å ta vare på Kulturminne som dette stølshuset har. Har lyst å ivareta dette på ein god måte for framtida, Vigdalstølen treng eit sel som framstår som uendra.*

*Selet treng tiltak for ikkje å dette saman, eg har teke ein gjennomgang og vil behalde og gjenbruka det som er mulig, td. Takåsar og takbord i sel og skot samt trevirke av reisverk og kledning som ikkje har råteskade, samtidig ta vare på mest mogleg bode innvendig og utvendig, slik det har vore, og få fram og kan vise korleis stølshuset vart brukt. Det blir då ikkje vindauge i Skotet og døra vil ikkje bli flytta. Har td. funne at kokeringen som var brukt her og den vil eg sette på plass.*


*Tiltaket kan føre til at eg må bruke matreal i ukurante demisjoner frå sagbruk for å erstatte råteskada trevirke. Stølshuset vil framstå som sin opphavelege funksjon Sjølv om gjenbruk er hovudregel må forsterking av tak og å gjere selet brukarvenleg i kombinasjon med å ivareta interiør og eksteriør så vil dette ikkje bli synleg når tiltaket står ferdig. Må få stølshuset musetett. Det er også i dag isolert og papp på veggene i selet, men dette er øydelagt av mus og fuglar og må rivast ut og fraktast til avfallsmottak. Dette vil ikkje få konsekvensar for utsjånaden på selet, men må lagast musetett.*

*Har våre i dialog med erfarne handverkarar og komme fram til løsingar som vert svært lite synlege og behandling av utvendig material vil fremstå som ubehandla. Fasade Nordveggen har etter nærmare ettersyn hatt liggande kledning i øverste del, men har vore opning for røykr frå kokering, dette vil bli ivareteke med ei luke som symbolisera røykutløp.*

*Takutstikk vil ha lik utsjånad som no, dør og vindauge blir som før. Legg ved teikningar med beskrivelse og kostnadsberegning, posten gjenbruk i kolonne er ikkje prisa kostnad på. Må vurdere å bytte noko byljevblikk til andre brukte plater på grunn av rust.*

Kan sende teikningar og berekningar pr.post om ynskjeleg Håpar på positiv tilbakemelding på tiltaket som vil bidra sterkt til å ivareta kulturverdi og opplevelsesverdi på Vigdalsstølen. Vil søke om tilskotsordningar for istandsetjing av bygningar med kulturhistorisk verdi.»

Det vert også søkt om 15 turar pr år med snøskuter i den perioden restaureringa skal føregå.



Figur 1 Teikningar av stølshuset ferdig restaurert.



Figur 2 Stølshuset sett frå aust.



Figur 3 Stølshuset sett frå vest.





Figur 4 Stølshuset sett frå nord.



Figur 5 Stølshuset sett frå sør.

## **Vestland fylkeskommune sin avdeling for kultur og folkehelse sin uttale:**

*«Det er svært positivt at eigar no planlegg å sette i stand selet på ein måte som ivaretar dei kulturhistoriske verdiane knytt til bygget. Vestland fylkeskommune vurderer at endringane som er gjort gjer at byggets karakter og lesinga av stølshusets opphavelege funksjon vil bli ivaretatt. Vi har ingen andre merknader i saka og ynskjer lykke til med arbeidet.»*

## **Heimelsgrunnlag**

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, datert 7. august 2009
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen

## **Delegering**

### **Verneformål – forskrift**

Vigdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltningsmynde for verneområdet. Føremålet med Vigdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er føremålet med landskapsvernområdet mellom anna å ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet, kulturhistoriske verdiar, stolar og kulturminne, samt geologiske førekomstar, og eit enkelt friluftsliv (jf. Verneforskrift § 2).

I verneforskrifta i § 3 pkt. 1.1 heiter det at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep.

I § 3 pkt 1.2 bokstav a) heiter det at reglane ikkje er til hinder for vedlikehald av bygningar og andre anlegg. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.

I § 3 pkt 1.3 bokstav a) heiter det at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til ombygging og utviding av bygningar.

I § 3 pkt 1.3 bokstav d) heiter det at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

### **Forvaltningsplan**

**I forvaltningsplanen står det følgjande om bygningar generelt i verneområda i kap. 3.5:**  
*Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve, særleg i nasjonalparken. Stadfesta behov og verknad på verneverdiane skal eventuelt vektleggast.*

*All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø. Til vanleg tilrår ein:*

- *Vindauge med sprosser*
- *Det skal brukast kledning og tak i materialar, og med fargar som går mest mogleg i eitt med terrenget, gjerne materialar som gjev ein mørk og matt fargeverknad der det høver. Torv, tre og stein/skifer er mest aktuelle materialar til takkledning. I enkelte tilfelle kan bølgeblekk med nøytral farge som i liten grad reflekterer i sola vere aktuelt, også gamal rusta bølgeblekk.*

*Ved handsaming av søknader vert det vurdert om tiltaket medfører auka kapasitet for overnatting, auka ferdsle eller endra bruk av eksisterande bygning. Vidare skal det leggast vekt på om det vert valt løysingar som gjev minst mogleg transport, og det kan stillast nærare vilkår om transport og byggematerialar. Det skal stillast klare vilkår til rydding etter byggearbeid/riving, og det skal kontrollerast at desse vilkåra vert følgde.*

### **I forvaltingsplanen står det følgjande om vedlikehald i kap. 3.5.1:**

*«Vanleg vedlikehald av bygningar og anlegg er ønskjeleg, og er tillate når det vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.*

*Med vedlikehald meiner ein bygningsarbeid som ikkje fører til ombygging eller utvidingar. Dette omfattar normalt vedlikehald og utskifting av dårlege materialar eller forsterkingar. Ein meiner alt av innvendig vedlikehald, og utvendig vedlikehald som gjeld utskifting av material og/eller utstyr med nytt av same type og dimensjon, til dømes dører eller vindauge. Eit anna døme på slikt vedlikehald er når kledningsbord blir skifta ut med nye bord i same dimensjon. Betre isolering fell innanfor definisjonen av vedlikehald.*

*Vedlikehaldet skal ikkje føre til at bygningane endrar fasade eller karakter. Dette inneber at tilbygg, utvendig ombygging, utviding eller endring av storleik, utsjånad eller funksjon ikkje vert rekna som vedlikehald, og slike tiltak krev løyve etter søknad til nasjonalparkstyret, sjå kap. 3.5.2.*

*Når berande konstruksjonar vert skifta ut og når bygningane står fram som i det vesentlege fornya, jf. plan- og bygningslova § 87, er det ikkje lenger snakk om vedlikehald, men ei ombygging. Innvendig ombygging som ikkje endrar bruken av bygningen er tillate.»*

### **I forvaltingsplanen står det følgjande om freda bygningar, verneverdige bygningar og bygningar med kulturhistorisk verdi i kap. 3.5.6:**

*Ved restaurering og riving av bygningar eller oppattføring etter brann eller naturskade skal det takast særlege omsyn dersom det gjeld freda, verneverdige eller kulturhistorisk verdifulle bygningar.*

*Ved alle tiltak kan det bli sett krav til utføring og val av material, og det skal ikkje skiftast ut meir skada material enn naudsynt. Tidlegare ubehandla kledning skal ikkje målast eller beisast. Her blir det og lagt stor vekt på kulturminnestyresmaktene si vurdering om, og korleis eit tiltak skal gjerast, og om eit kulturminne bør restaurerast og korleis restaurering eventuelt bør skje.*

*Breheimen nasjonalparkstyre vil vere positive til nødvendige tiltak for å ta vare på bygningar med kulturhistorisk verdi. Tiltak vil bli vurdert i samarbeid med kulturminnestyresmaktene.*

## **Naturmangfaldlova**

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 - 12.

## **Vurdering**

Søklar ønskjer å ta vare på det gamle selet på Vigdalstølen. Bygget er gammalt og har kulturhistorisk verdi, og bygget har blitt påverka av ver og vind. Målet er å ta vare på mest mogleg av selet slik det er, forsterke konstruksjon og byte ut trevirket som er øydelagt. Delar av taket er planlagt å rivast og leggest på nytt, i tillegg vil roten trevirke, bjelkelag og dør bli erstatta.

Arbeidet er omfattande, samtidig går store delar av arbeidet innanfor vedlikehaldsprinsippet, men på bakgrunn av at ein endrar på den berande konstruksjonen så kan ein ikkje definere arbeidet som vanleg vedlikehald av bygningar jf. verneforskrifta § 3 pkt 1.2 bokstav a). Tiltaket krev difor løyve etter § 3 pkt 1.3 bokstav a) og d), der det står at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til (a) ombygging og utviding av bygningar, og (d) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

Tilstandsvurdering og planlegging av tiltak er gjort av tiltakshavar. Vestland fylkeskommune har ingen merknader til dei planlagde tiltaka etter at søknaden er vart revidert.

I forvaltningsplanen kapittel 3.5.6 står det: *Breheimen nasjonalparkstyre vil vere positive til nødvendige tiltak for å ta vare på bygningar med kulturhistorisk verdi. Tiltak vil bli vurdert i samarbeid med kulturminnestyresmaktene.*

Selet til Vigdal er det einaste gjenståande stølshuset på Vigdalstølen. Det er positivt at grunneigarar er opptekne av kulturhistoria og ønskjer å gjennomføre tiltaka etter antikvariske prinsipp. Det er viktig at å gjennomføre tiltak for å ta vare på selet før forfallet blir så omfattande at det er vanskeleg å redde. Dei planlagte tiltaka vil vere med å sikre selet i lang tid framover. Dette vil vere med å styrke verneføremålet § 2 om å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemark.

Kunnskapsgrunlaget (naturmangfoldlova § 8) er godt dokumentert. Det er god oversikt over kva som kan påverke naturverdiane og landskapet i området. I skjøtselsplanen for Vigdalen, har Vigdalstølen registrert slåttemarksprega områder rundt stølen. Det har blitt gjennomført omfattande tiltak i høve fjerning av gran på stølsområdet, og ikkje minst rydding av andre vekstar og intensiv beiting med hest.

Restaurering av selet vil bidra til å oppretthalde bruken og derfor også framtidig vedlikehald, og vil fortsatt kunne vere eit viktig element i kulturlandskapet. I perioden der arbeidet blir utført, vil det vere naudsynt med noko motorisert ferdsel med snøskuter for transport av materialar og stein. Det vil kunne uroe einskilde artar i ein avgrensa periode. Det vurderast likevel at ei antikvarisk restaurering av selet er med å styrkar verneformålet i landskapsvernområdet, jf. naturmangfoldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

I følgje opplysningane frå søkjar i søknaden vil restaureringa omfatte løysingar, materialbruk og fargar som er i tråd med retningsliner gitt i forvaltningsplanen. Restaurering av selet planlagt med fagkunnige. Det skal ryddast opp etter gjennomført arbeid og materiale og utstyr skal takast ut or området (naturmangfoldlova § 12). Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå, føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfoldet og kva effektar tiltaket vil ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet vert difor ikkje vektlagt i denne saka (nml.§ 9). Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skade på natur og miljø som krev erstatning (naturmangfoldlova.§11).

## Konklusjon

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at det er positivt at søkjar ønskjer å ta vare på det gamle selet på Vigdalstølen. Søkjar har rådført seg med fagfolk og det er ingen negative innspel frå kulturminnestyresmaktene. Om ikkje det blir gjort noko dei næraste åra kan eit viktig kulturhistorisk bygg forfalle. Dette tiltaket vil sikre bygget i lang framover og vere i tråd med verneføremålet.

Med heimel i verneforskrift for Vigdalen LVO § 3 pkt 1.3 bokstav a og d) meiner nasjonalparkforvaltar at grunnlag for å gi løyve til tiltaket.





Arkivsaksnummer: 2024/12763-0

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 18.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	3/25	25.02.2025

## Breheimen nasjonalparkstyre - prioritering av tildelte midlar for 2025

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret godkjenner sekretariatets forslag til fordeling av tildelte midlar i tiltaksplanen (sjå tiltaksplan i vedlegget). Sekretariatet får fullmakt til å arbeide vidare med tiltakslista i 2025 slik som den er presentert i styremøtet den 25 februar 2025.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Breheimen nasjonalparkstyre får midlar til tiltak i verneområda gjennom budsjettpost 1420.31 som er ein statleg investeringspost og ikkje ein tilskotspost. Ut frå retningslinjene for budsjettposten skal innmeldinga utelukkande vere for midlar til tiltak i regi av nasjonalparkstyret som forvaltningsmyndigheit, og ikkje ei liste over tiltak som kommunar, private aktørar eller andre ønskjer å utføre.

Midlane som nasjonalparkstyret kan få via denne budsjettposten skal gå til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltak kan bl.a. omfatte opparbeiding av stiar, klopplegging og merking for å styre ferdsel i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane kan også brukast til informasjonstiltak i tråd med merkevare for Norges nasjonalparker, og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og andre verneområde med store besøkstal eller spesielle utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområdene og andre relevante styringsdokument. Prioritering vil skje i samsvar med dokumentet «Strategi for tiltaksmidler». Det blir presisert at eventuelle tiltak må være avklart med grunneigar o.a.

Tiltak i bestillingsdialogen for 2025 vart presentert i styremøte den 22 november 2024 og tiltakslista vart godkjent av nasjonalparkstyret.

## Tildelte midlar for 2025

### Styret:

Tildeling frå Miljødirektoratet til drift av Breheimen nasjonalparkstyre er på 275 000 kr for 2025. Det er bevilga 12 092 kr mindre enn det som vart meldt inn som behov for gjennomføring av styret sine møter/aktivitet i 2025. I utrekninga er det lagt inn møter og anna aktivitet basert på erfaring frå tidlegare år. Innmeldt behov for drift av styret var på 287 092 kr.

Nasjonalparkstyret er tildelt ein grunnstønad for vedlikehald, fornying av infrastrukturtiltak og informasjonsarbeid. Desse midlane skal primært brukast på driftsutgifter, og ikkje til investeringar. Miljødirektoratet tildelte 100 000,- til nasjonalparkstyret i 2025.

Sekretariatet meiner likevel at årets aktivitet knytt til den direkte drifta av nasjonalparkstyret skal kunne gjennomførast innanfor desse râmene.

### Besøksstrategi/skjøtselsplanar:

For 2025 vart det søkt om 150 000,- i samband med skjøtselsplan for Høyrokampen naturreservat. Nasjonalparkstyret fekk i 2025 tildelt 150 000 frå Miljødirektoratet.

### Sekretariatet:

Midlar til drift av sekretariatet blir tildelt via statsforvaltaren i Innlandet og statsforvaltaren i Vestland.

### Bestillingsdialogen/tiltaksplan:

I Bestillingsmøte 1 den 22. november 2024 vart forslag til tiltaksplan for 2025 lagt fram for styret. Skjemaet vart godkjent av styret og sekretariatet fekk fullmakt til å endre summar og eventuelle tiltak i tråd med det som vart diskutert på møtet.

I bestillingsdialogen under «Milder til tiltak i verneområder» vart det meldt inn eit behov for 2 217 001,- og det vart tildelt 1.700 000- frå Miljødirektoratet. Dette betyr at det manglar 517 0001,- samanlikna med innmeldt behov.

I tillegg vart det meldt inn behov for kr 200 000 under «Midler til naturrestaurering», og ein fekk tildelt 200 000 kr.

Alle punkta i tiltaksplanen er godkjent av Miljødirektoratet utan kommentar.

Sekretariatet legg i 2025 opp til å bruke opp «flaummidlar» ståande i Luster kommune. Sekretariatet er av den oppfatning at alle oppgåvene i årets tiltaksplanen kan løysast på ein forsvarleg måte innanfor dei tildelte midlane, men desse tiltaka vil vera prioritert ned: Etablera nye/Forbetra informasjonspunkt og informasjonsplakatar til informasjonspunkt. Skjøtsel i Mysubytta i budsjettet for 2025 sett til kr 0, men er

utbetalt i 2024, så arbeidet vert gjennomført i 2025. Ein har også senka råma for mogleheitsstudia for Mørkridsdalen og Billingen noko.

### Oversikt over midlar for 2025

	<b>Søkt om</b>	<b>Tildelt</b>
Drift av Breheimen nasjonalparkstyre	287 092,-	275 000,-
Drift av sekretariatet (ekskl. lønnsutgifter)	-	-
Grunnstønad nasjonalparkstyret		100 000,-
Besøksstrategi/skjøtselsplaner	150 000,-	150 000
Bestillingsdialogen/tiltaksplan 2025/Midler til tiltak i verneområde	2 217 001	1 700 000,-
Bestillingsdialogen/tiltaksplan 2025/Midler til naturrestaurering	200 000	200 000
«Flaummidlar» ståande i Luster kommune		262 333
<b>Sum</b>	<b>2 854 093</b>	<b>2 687 333</b>



TILTAKSPLAN FOR BREHEIMEN 2025				Sist endret: 18.02.2025									
Prioritet	Verneområdenavn + naturbase-id	Tiltakskategori	Kort beskrivelse av tiltak	Finansiering	Samarbeidsaktører	Hvem gjennomfører tiltaket?	Gjennomføringsperiode	Intervall (eventuelt)	Merknad / kommentar	Sekretariatet sitt framlegg til finansiering (kr)	NP-styret sitt vedtak november 2024 / februar 2025	Sekretariatet sitt framlegg til finansiering (kr)	NP-styret sin prioritering mars 2025
										Bestillingsmøte 22		TILDELT: 1 7 00 000	
1	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Slått på Knivabakkgrødet	Nasjonalt park styret	Grunneigarar på Knivabakkgrødet,	Grunneigarar på Knivabakkgrødet.	2010-	Årleg	Årleg skjøtseltiltak tilrådd i skjøtelsesplan	kr 45 000	kr 52 000	kr 52 000	
2	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Haustrøype med sau på Knivabakkgrødet og i Knivabakkli	Nasjonalt park styret	Grunneigar og nasjonalpark styret	Grunneigar på Knivabakkgrødet og i Knivabakkli	2010-	Årleg	Årleg skjøtseltiltak tilrådd i skjøtelsesplan en. kr. 6000,- i grunnstilt	kr 45 000	kr 45 000	kr 45 000	
3	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Slått på Dulsete	Nasjonalt park styret	Grunneigar på Dulsete, Statens naturoppsyn og nasjonalpark styret	Grunneigar på Dulsete	2010-	Årleg	Årleg skjøtseltiltak tilrådd i skjøtelsesplan en. Vilkår om inngjerding og	kr 60 000	kr 60 000	kr 60 000	
4	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Haustrøype med sau i Grandali	Nasjonalt park styret	Grunneigar, og nasjonalpark styret	Grunneigar i Grandali.	2018-	Årleg	Årleg skjøtseltiltak som inngår i eit program.	kr 22 500	kr 25 000	kr 25 000	
5	Høydalen LVO - VV00002827	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av einar og annen vegetasjon	Nasjonalt park styret	Sekretariatet , SNO, Bruksrettskvarar. Lom	Sekretariatet , SNO, Bruksrettskvarar. Lom	2021 -	Årleg	Fjerne einar m.m. i tråd med skjøtelsesplan	kr 100 000	kr 150 000	kr 150 000	
6	Høydalen LVO - VV00002827	Skjøtsel av vegetasjon	Inngjerding av areal for å få større	Nasjonalt park styret	Sekretariatet , SNO, Bruksrettskvarar. Lom	Sekretariatet , SNO, Bruksrettskvarar. Lom	2021 -	Årleg	Inngjerding av areal og fjerning av einar	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	
7	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Slått på Berget	Nasjonalt park styret	Grunneigar	Grunneigar	2024	Årleg	Grunneigar har byrja å slå den gamle	20000	25000	kr 25 000	
8	Mysubytta LVO - VV00002829	Skjøtsel av vegetasjon	Skjøtsel i Mysubytta lvo	Nasjonalt park styret	Skjåk Almenning, setereigarar	Skjåk Almenning, setereigarar	2018-	Årleg	Fjerne einar m.m. i tråd med	kr 50 000	kr 50 000	kr 0	
9	Vigdalen LVO - VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Haustrøype med hest, inngjerding og rydding	Nasjonalt park styret	Grunneigar, nasjonalpark styret, SNO	Grunneigar	2016-	Årleg	Inngjerda beiting med hest. Hovudfokus	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000	
10	Vigdalen LVO - VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og	Nasjonalt park styret	Grunneigar, nasjonalpark styret, SNO	Grunneigar	2023		Rydding og slått som skildra i skjøtelsesplan	kr 20 000	kr 20 000	kr 20 000	
11	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerning av tistel på Dalen	Nasjonalt park styret	Grunneigarar , Nasjonalpark styret, SNO	Grunneigar	2015-	Årleg	Tiltak vart starta i 2015 og har hatt god framgang	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000	
12	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Styving av alm i Steinhaugen	Nasjonalt park styret	Grunneigarar , Nasjonalpark styret, SNO	Treskjærar med tilkomstferding	2023		Tiltaket er oppfølging av plan for skjøtsel	kr 40 000	kr 20 000	kr 20 000	
13	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding, slått og beite på Liane	Nasjonalt park styret	Grunneigarar , Nasjonalpark styret, SNO	Grunneigar, evt Skjolden bygdeservice	2023	Årleg	I samsvar med skjøtelsesplan	kr 15 000	kr 20 000	kr 20 000	
14	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster, slå og rake	Nasjonalt park styret	Grunneigarar , Nasjonalpark styret, SNO	Grunneigar	2021 -	Årleg	Oppfølging av tiltak i 2020 der ein	kr 20 000	kr 20 000	kr 20 000	
15	Vigdalen LVO - VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og	Nasjonalt park styret	Grunneigar, Nasjonalpark styret, SNO	Grunneigar	2021 -	Årleg	Rydding og slått som skildra i skjøtelsesplan	kr 20 000	kr 20 000	kr 20 000	
16	Vigdalen LVO - VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og	Nasjonalt park styret	Grunneigar, Nasjonalpark styret, SNO	Grunneigar	2021 -	Årleg	Rydding og slått som skildra i skjøtelsesplan	kr 10 000	kr 15 000	kr 15 000	
17	Mysubytta LVO - VV00002829	Skjøtsel av vegetasjon	Intensiv beiting med geit	Nasjonalt park styret	Simon Eisar		2024-	Årleg	Intensiv beiting med geit på	kr 50 000	kr 50 000	kr 65 000	
18	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Intensiv beiting med geit på	Nasjonalt park styret	Beitebrukar	Beitebrukar	2024	Årleg	Intensiv beiting med geit på	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000	
19	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerning av tistel, einar og	Nasjonalt park styret	Grunneigar	Grunneigar	2024	Årleg	Rydding og slått som skildra i skjøtelsesplan	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000	
20	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av einar og slått av tyrihjelmer	Nasjonalt park styret	Grunneigar	Grunneigar	2024		Rydding og slått som skildra i skjøtelsesplan	kr 20 000	kr 20 000	kr 20 000	
21	Mørkridsdalen LVO - VV00002832	Tilrettelegging	Utbedring buforvegen i Mørkridsdalen	Nasjonalt park styret	Grunneigarlag, beitelag, nasjonalpark styret, SNO	Stibyggjaren	2023		Fleire punkt og strekningar	kr 500 000	kr 500 000	kr 500 000	

21	Mørkridsdalen LVO-VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Restaurering av slåttemyr på Dulsete	Nasjonalparkstyret	Grunneigar	Grunneigar	2024		Rydding som skildra i skjøtselplan	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000	
22	Mørkridsdalen LVO-VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerne smågraner, eier og kraftved	Nasjonalparkstyret	Grunneigar	Grunneigar	2025		Behov for å hindra gjengroing med	kr 10 000	kr 20 000	kr 20 000	
23	Mørkridsdalen LVO-VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydde or frå Drivandefossen	Nasjonalparkstyret	Skjolden bygdeservice	Skjolden bygdeservice	2025		Behov for å fylgja opp tiltak gjennomført	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000	
24	Mørkridsdalen LVO-VV00002832	Tilrettelegging	Utbetring på stien mellom Mørkrid og	Nasjonalparkstyret	Skjolden grunneigarlag	Skjolden grunneigarlag	2025		Auka besøkstrykk har negativ	kr 30 000	kr 30 000	kr 30 000	
25	Breheimen NP - VV00002830	Kunnskapsinnhenting	Ferdsesteltene for å registrere						Vi har tre ferdsesteltene i	kr 1	kr 1	kr 1	
26	Breheimen NP - VV00002830	Informasjon	Utarbeide nye informasjons	Nasjonalparkstyret		Sekretariat, SNO	2022-		Informasjonsplakater til informasjons	kr 200 000	kr 150 000	kr 100 000	
27	Breheimen NP - VV00002830	Informasjon	Etablere nye infopunkt med	Nasjonalparkstyret		Sekretariat, SNO	2022-		Erstatte tavler som vart øydelagt	kr 100 000	kr 150 000	kr 25 000	
28	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Flaumen i Skjåk - Skader på	Nasjonalparkstyret			2018 - 2022		Ligger fortsatt midler til	kr 0	kr 0	kr 0	
29	Mørkridsdalen LVO-VV00002832	Tilrettelegging	Moglegheitssstudie	Nasjonalparkstyret			2025		Kostnadsoverslag er omtrent. Det	kr 350 000	kr 350 000	kr 320 332	
30	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Innfallspor Billingen	Nasjonalparkstyret			2025		Tilrettelegging ved Billingen og	kr 0	kr 50 000	kr 50 000	
31	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Moglegheitssstudie Billingen -	Nasjonalparkstyret			2025		Kostnadsoverslag er omtrent.	kr 150 000	kr 150 000	kr 135 000	
32	Mørkridsdalen LVO-VV00002832						2025		Midlar ståande i Luster	kr 0	kr 0	kr -262 333	
SUM:										kr 2 102 501	kr 2 217 001	kr 1 700 000	

**ST 4/25 Referatsaker /**

**Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Breheimen**

**nasjonalparkstyre 2024/13637**

**Oppnevning av nytt medlem - Breheimen nasjonalparkstyre - valg og konstituering - 2024 - 2027 2024/1427**

**ST 5/25 Delegerte vedtak /**

**DS 1/25 Delegert vedtak - Breheimen NP - Mysubytta LVO - Honnsrøve NR -**

**dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - barmark - uttransport av felt elg og hjort - Skjåk Almanning 2024/6158**

**DS 2/25 Delegert vedtak - Mysubytta LVO - dispensasjon - 2024 - motorferdsel og plassering av jervbås - Simon Eiesar 2024/9052**

**DS 3/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Mørkridsdalen LVO - helikopter - sikre tak - Råsane - Per Arvid Hauge 2024/9218**

**DS 4/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - uttransport i forbindelse med jakt - Øyvind Angard 2024/9331**

**DS 5/25 Delegert vedtak - Strynefjellet LVO - 2025-2028 - dispensasjon - motorferdsel på snødekt mark - Hans Sæther 2024/12960**

**DS 6/25 Delegert vedtak - Breheimen NP - Mysubytta LVO - Transport av varer, ved, gass og materialer - Randi Lilleødegård 2025/1646**

**DS 7/25 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024 - Dispensasjon - Transport av ved med helikopter - Jo Kolbjørn Sulheim 2024/9444**

**DS 8/25 Delegert vedtak - avslag og tillatelse - Honnsrøve NR - snødekt mark - uttak av ved - transport til hytte - Nysæter - Sylfest Forberg 2024/13338**

**DS 9/25 Delegert vedtak - dispensasjon - Mysubytta LVO - plassering av brakke til åtejakt på jerv - transport og montering av solcellepanel - Simon Eiesar 2024/14048**

**DS 10/25 Delegert vedtak - Breheimen NP m. fl. - Dispensasjon - Motorferdsel - 2025-2028 - Registrering av villrein med snøskuter, helikopter, drone og/eller småfly - Minimumstelling av villrein - Reinheimen-Breheimen villreinutval 2024/14204**

**DS 11/25 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - snødekt mark - transport av båt fra Lundadalsvatnet til Sota Sæter - Vidar Vange 2025/16**

**DS 12/25 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2025-2028 - Motorisert transport av varer og utstyr til fiskebu - Per Olav Haugen 2025/1712**

**DS 13/25 Breheimen nasjonalpark - Vigdalen landskapsvernområde - Løyve til motorferdsel i forbindelse med snømåling og inspeksjon av bekkeinntak i perioden 2025-2027- Statkraft 2025/1951**

**DS 14/25 Delegert sak - Dispensasjon - Breheimen nasjonalpark - Snødekt mark og helikopter - Snømåling - Høgevardane - 2025-2028 - Statkraft Energi AS 2025/2184**

**ST 6/25 Eventuelt /**